



**Notat**

Dato: 11.11.2014  
Arkivsak: 2014/23225-1  
Saksbehandlar: josaksd

---

Til: Tale Halsør

Frå: Jostein Aksdal

---

**Kulturminnefagleg fråsegn til sak om konsesjon for overføring av vatn frå Krokatjørn til Torfinnsvatn**

I samband med sak om overføring av vatn frå Svartavatn til Torfinnsvatn (FUV: PS238/2014) vart det i samband med høyringa sendt inn til oss dokumentasjon frå grunneigarar om moglege kulturminne ved stølen sør i Torfinnsvatnet journalsak 2014/22636.

Informasjonen viser foto av tufter og anlegg, som gjennom type og alder kan koma inn under kulturminnelova sitt vern. Hordaland fylkeskommune vil som delegert kulturminnemynde vise til at tiltak med potensial for auka vassføring i Torfinnsvatnet kan føra til skade på eventuelt freda kulturminne.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at før ein eventuell konsesjonen kan ferdighandsamast, må status for kulturminneverdiane rundt Torfinnsvatnet vera avklart. Den juridiske status med omsyn til vern etter kulturminnelova, må og vera slått fast og vera del av konsesjonen og eventuelle vilkår.

*Før konsesjon kan gjevast må det ligga føre ei kulturminneregistrering jf. Kulturminnelova § 9 og resultatet av denne må vera del av grunnlaget til ein eventuell konsesjon.*

Jostein